
Saksnr: 2020/46235-4
Saksbehandlar: Jostein Hausevik
Dato: Fjærestad
18.11.2020

Til: Fylkesutvalet og Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Notat gjenbruk Fylkeshuset

Det har ved fleire anledningar blitt stilt spørsmål om gjenbruk knytt til fylkeshuset i Bergen frå representanten Svein Halleraker, H.

Gjenbruk er vurdert i fire rundar:

- Gjenbruk av inventar
- Gjenbruk av teknisk utstyr frå bygningsdrifta
- Rapport utarbeid av ekstern leverandør
- Gjenbruk i rivingsfasen

Gjenbruk av inventar

I samband med flyttinga til Sandsli var intensjonen at mest mogleg av møblane skulle gjenbrukast og flyttast. Nokon av kontormøblane var i så dårleg forfatning at dei var utrangerte, men hovuddelen blei flytta og gjenbrukt. Manglande kontormøblar på grunn av utrangering og fleire tilsette (INV) blei skaffa som brukte møblar.

Gjenbruk av teknisk utstyr frå bygningsdrifta

Det blei gjennomført ei intern kartlegging av teknisk utstyr på fylkeshuset som kunne ha nytte i andre fylkeskommunale bygg. Følgjande utstyr blei gjenbrukt:

Produkt	Mengde	Gjenbruk
Ladestasjonar EI-bil	20 stk	Årstad vgs og Stend vgs
LED Lysarmaturar	200 stk	Sandslihaugen 30 og Årstad vgs
Varmeanlegg, enkeltdelar		Gjenbruk div skular
Brannsløkkingsapparat	20 stk	Div bygg
Etterlysande markeringslys	100-150 stk	Amalie Skram vgs og Årstad vgs
Dieselaggregat	2 stk	Voss vgs og Bømlø vgs
UPS	2 stk	Sandslihaugen 30 (IKT)
Tørrkjølar		Sandslihaugen 30
Pappresse		Returnert til leverandør
Komprimator		Returnert til leverandør
Bur til sykkelparkering		Sandslihaugen 30
Verktøy- og Vaskestasjon sykkel		Sandslihaugen 30

Rapport utarbeidd av ekstern leverandør

I tillegg til interne vurderingar om gjenbruk blei firmaet Resirqel AS engasjert til å gjennomføra ei vurdering av mogleg gjenbruk før riving av fylkeshuset - sjå vedlagt rapport. Store delar av det rapporten peikar på som mogleg gjenbruk er blitt gjenbrukt.

Gjenbruk i rivingsfasen

I byggekontrakten er det krav til minimum 90% sortering av alt avfall. I den samanheng så er betong og armering skilt frå kvar andre og giftig maling og asbestplater er fjerna frå betongen. Det er også tatt testar etter andre moglege giftstoff i betongen. Betongen er knust og vil bli gjenbrukt som fyllmasse på andre prosjekt entreprenøren har i Bergensområdet

Vedlegg:

Pre-analyse frå Resirqel AS